

ÅRSMELDING  
HORDALAND  
BYGDEUNGDOMSLAG  
2015



## ÅRSMELDING 2015 for Hordaland Bygdeungdomslag

### Årsmøte 2015

Årsmøtet var på Lid Skule i Sveio den 14.02.2015. Det var 17 stemmeberettigede til stades.

Referat frå årsmøtet kan ettersendast dersom det er ynskjeleg.



### Styre-samansetjing 2015/2016:

I året som har gått har Hordaland Bygdeungdomslag hatt 9 styremøte, og ein del telefonkonferanser det AU har hatt møter. Til saman vart det handsama 19 saker.

Me har delteke på to representantskapsmøte og årsmøte i Noregs Bygdeungdomslag (NBU) og har deltatt på styremøter og fylkesårsmøta til Hordaland Bygdekvinnelag og Hordaland Bondelag.

Me har hatt fokus på organisasjonsbygging i år også, det er mange nye og unge i lokallaga, og me har hatt eit generasjonsskifte i Hordaland BU. Me håper og at me snart klarar å få starta opp igjen Kvinnherad, Etne, og/eller få heilt nye lag.

#### Styret i år har bestått av:

Leiar: Helena Bru – Kvam BU - Valt for 1 år

Nestleiar: Eirik Jacobsen Dueland – Sveio BU – ikkje på val

Økonomiansvarleg: Inger Tellefsen Enes – Kvam BU – Valt for 2 år

Tevlingsleiar: Sunniva Bidne Horvei Voss BU – overtok 1 år

Kulturleiar: Brynhild Kolltveit – Kvam BU – ikkje på val

Informasjonsleiar: Britt Tone – Voss BU – overtok 1 år.

Styremedlem med lagsutviklingsansvar: Gaute Træbakken – tatt inn i styret etter årsmøte.

1. vara: Espen Brattli – Kvam BU – Valt for 1 år.

Representant frå Hordaland bygdekvinnelag: Berly Mjøs Giljarhus

Representant frå Hordaland bondelag: Kjetil Mehl



### Medlemmer:

Fylkeslaget hadde per 31.12.2015, 508 medlemmer. Det er ei lita nedgang frå 512 medlemmer same tid som i fjor, men dette spådde på årsmøte i 2015, me er framleis veldig nøgde med og ha heldt på so mange medlemmar og fått mange introduksjonsmedlemmar.

### Oppsummering medlemstalla 2015:

Kvam frå 162 i 2014, til 150 per 31.12.15

Voss frå 244 i 2014, auka til 246 per 31.12.15

Sveio har auka frå 76 medlemmer per 31.12.14. til 86.

Fløien Studentlag er 9 medlemmer.

Kvinnherad er 2 medlemmer , men laget er ikkje aktivt.

Direkte HoBU er 5 medlemmer.

Det er kommen brev frå NBU sentralt og oss i Hordaland BU har sett på saka med Søre-Sveio, ungdomslaget Søre-Sveio vært nedlagt. Søre-Sveio har 10 medlemmer.

### Oppsummeringa av styreåret 2015:

I året som har gått har me delteke på to representantskapsmøte og årsmøte i Noregs Bygdeungdomslag (NBU). Me har deltatt på styremøter og fylkesårsmøta til Hordaland Bygdekvinnelag og Hordaland Bondelag.

### Landsstevne 2015- Veke 29

I år var landsstemne i Vikersund, Buskerud, i enden av Vikersund hoppbakke. Det var 76 Hordalendingar i leiren, og vonar me får med oss mange av de med på «vikingtokt» til Surnadal i 2016. Miljøtorget hadde me saman med Rogaland i år også. Her var det jamt over god stemning, med blant anna fellesgrilling, vatnsklie, temakvelder, god musikk og mykje aktivitet i lag. På NBUs 70. årsmøte deltok Helena Bru, Sunniva Bidne Horvei, Britt Tone Himle, Cassandra Sørstrømmen, Inger Tellefsen Enes og Gaute Træbakken, Kristoffer Hadeland Bakke, Henny Lidal Bru og Veronika Gjermo. Eit flott årsmøte, og vart avslutta med ein fantastisk fin bankettmiddag ved Blåfarveverket, og med bunadskledde ungdommar ifrå Sør til Nord i polonese.

### Hausten 2015

Som sagt fokuserer me på organisasjonsbygging og arrangerte også «Haustsprell» for lokallagsstyra våre i år også. Me reiste til Røldalsterrassen i Røldal 11-13. september. Der dei tillitsvalte vart kursa i vervet sitt, og høyra om kva det vil sei å vera i eit styre, til dømes. Alle gamle og nye styremedlemmer fekk innføring i NBU og kva NBU arbeidar med vidare framover. Me vil og at deltakarane skal få ei variasjon i læringa denne helga, at dei kan lære meir enn kunn styreverv. Kjetil Mehl frå Bondelaget kom og hadde kortkurs om Hordalands Landsbrukspolitikk for oss.

Seinare på hausten var det duka for Aksjonsveka. I år var temaet «Lufta er for alle» i tråd med Friluftslivets år. Aksjonsveka går frå 30. oktober til 9. november, her er det to helger ein kan arrangere på, vart det arrangert ulike aktivitetar rundt om i lokallaga.

Årets aksjonsveka oppmoda ungdommar til å oppsøka skog og mark, arrangere turar både korte og lange, og generelt nytta seg av naturen og lokale tilbod.

### Kulturnemnda 2015

I år vart kulturprosjektet Kultursprell ikkje avhalde grunna lite påmelding til dei 2 fyrste kurshelgene av dei i alt 4 planlagde sentrale kurshelgene. Den eine kurshelga skulle vera på Voss Park Hotel i mai. Men var for få påmelde, dette synest me var svært synd og ønska og høyra kvifor so få melde seg på. Dessverre var helga for tett på russefeiringa så fleire av desse ungdommane kunne ikkje. Helga kosta nesten ingenting og vera med på, så det var eit veldig godt tilbod for ei natt på hotell med middag og revy kurs.

Kulturmønstring vart ikkje avholdt, men me hadde avtalt og få låna eit nummer frå Rossvollrussen sin revy, til og framføra på Landsstevne. Men dessverre vart ikkje det gjennomført slik som ønska. Me har fått oss promotering-video, laga av RAVN film. Den finnes på Facebook sida vår og Youtube.com, det er berre å søke på Hordaland Bygdeungdomslag. Alle i styret har og fått seg genserar og t-skjorter. Samt har me kjøpt Vestlandsleir banner til bruk på landsstevner.

I desember arrangerte HBU adventskalender for både BU'arar og andre interesserte. Me vart overrøyste med premiar frå forskjellige gjevarar. Kvar dag hadde kalenderen nye spørsmål, med tilhøyrande premie. Dette var eit nytt konsept i BU som delvis var suksess. Målet var i snitt 100 deltakarar kvar dag, men me fekk om lag 50-60 daglege deltagara. Derimot trur me at kalenderen fekk stor merksemd, noko som kanskje auka kunnskapen om organisasjonen i samfunnet.

### Tevlingsnemnda 2015

Gjennom BU-året har det vore jamn aktivitet i lokallaga rundt om i Hordaland, der tevling har utgjort ein del av den.

11. april vart «Traktordagane» arrangert av Sveio BU. Her møtte fleire hundre opp for å blant anna delta på tevlingar som TRT, eksteriørbedømming av sau, og STIHL-cup. 8 deltakara gjennomførte løypa i STIHL-cupen, som bestod av kvisting, presisjon og handtering av motorsag. I høve til STIHL-cupen vart det på forhand arrangert motorsagkurs. Her gjekk dei gjennom øvelsane som skal gjerast under tevlinga steg for steg, samt fekk dei læra om HMS, og andre tips og triks som kan koma godt med under ein slik konkurranse!

### Resultat frå traktordagen:

Kvalifiserings STIHL-cup

1. plass: Joakim Mundal (junior)

1. plass: Jone Tysseland (senior)

TRT

1. plass: Frode Bakke Handeland

Eksteriørbedømming av sau

1. plass: Inger Emilie Panayiotou

1. plass: Kjetil Fosse

Voss Bygdeungdomslag byrja tevlingsåret med Ku-cup, som føregjekk over 3 rundar. Torstein Torben Fletre (senior) og Sunniva Bidne Horvei (junior) vann samanlagt. Sjølv om det var få som deltok, vart det nokre kjekke og lærerike kveldar. 25. september var det klart for Quiz i Hovdatun ungdomshus på Bordalen- svært godt oppmøte og god stemning. Det beste laget bestod av Kristine Himle, Åshild Kvarekvål, Silje Vethe Hernes og Åsne Henden. I desember ringte Voss BU jola inn med pepperkakehustevling og graut, der vinnarlaget presenterte eit flott pepperkakehus dekorert med blant anna sprellemannen til NBU. Åsne Tesdal Rødland, Maria Pettersen, Elise Kalvik og Vilde Rødland var dei kreative sjelene bak verket.

Kvam BU arrangerte leirdueskyting den 26 september, etterfølgt av jegerfest på kvelden. Her vart dagens beste skyttar på bana kåra, og Gaute Træbakken gjekk av med seieren.

### Årets resultat på Landsstevne

På tevlingsdelen av Landsstevne 2015 i Vikersund stilte Hordaland BU sterkt. Her deltok det fleire hordalendingar på over halvparten av tevlingane, og brakte i havn fleire strålande

plasseringar! For å nemna nokre; ein god 4. plass i Spenna Gæren, 1. plass og 3. plass i Kokkekamp Senior, 4. plass i fotball, 3. plass i volleyball, og 1. plass i Quiz. I tillegg var Jakob Aarekol frå Kvam den tredje raskaste til å nå toppen av Vikersundbakken i eit heftig kappløp opp trappa.

Ellers hadde me fleire deltakarar i swingtevling, spekematanretning, tautrekking og NM i blomsterdekorering.

### Dei beste plasseringane på Landsstevne 2015:

Spænna Gæren (2 lag)

4 plass: Inger Tellefsen Enes, Helena Bru, Jori Gjelland Lid, Gaute Træbakken, Åshild Fosse

Vill Villmark

6 plass: Jori Gjelland Lid

Kokkekamp Senior (2 lag)

1 plass: Sunniva Bidne Horvei og Gaute Træbakken

3 plass: Sondre Tesdal Rødland og Vilde Rødland

Fotballturnering

Her kom Hordaland BU på 4 plass!

Volleyballturnering

Her kom Hordaland BU på 3 plass!

Quiz (3 lag)

1 plass: Åshild Fosse, Sondre Stubberud, Arnstein, Jakob Aarekol

NM i Eksteriørbedømming av hest Junior (3 deltakarar)

9 plass: Sunniva Bidne Horvei

NM i Eksteriørbedømming av hest Senior (6 deltakarar)

7 plass: Eirik Bøyum Ulvund

NM i Eksteriørbedømming av storfe Junior (5 deltakarar)

7 plass: Sunniva Bidne Horvei

NM i Eksteriørbedømming av storfe Senior (8 deltakarar)

9 plass: Eirik Fosse

### Årets resultat på HA

5 spente hordalendingar deltok på Haustarrangementet 2015 i Mysen, Østfold. Det var ei vel gjennomført helg med mykje moro! På laurdagen var me klare for å tevla i friluftsmatch, eksteriørbedømming av sau, 5 om dagen og maskinmjølkning. Sjølv om me hadde noko uheldig resultat, kom me frå helga med ein flott pallplass. Knut Gjelland Lid tok 3. plassen i NM i Maskinmjølkning klasse senior. I tillegg deltok Gaute Træbakken spontant i ei pilkastings-tevling, der han hamna på ein god tredje plass.



Eg vil avslutta med ei oppmoding frå oss i fylkesstyret. Etersom Sveio BU arrangerte STIHL-cup under «Traktordagane» i april 2015, og Voss BU arrangerte motorsagtevling året

før, ynskjer me at Kvam BU vil ta på seg å arrangera STIHL-cup, (og eventuelt eit motorsagkurs) i 2016, slik at HoBU kan få kvalifisera nokon til å delta i STIHL-Cup på Landsstevne 2016.

Me vil og jobba for at fleire jenter skal bli tevlarar i slike «høg-terskel» tevlingar.

På grunn av kjønnskquota på desse tevlingane, krev da at minst 1 av 3 er kvinna eller mann, da kan ikkje vera reine herrelag/damelag. Så for å kunne tevla slike «høg-terskel» lagtevlingar på Landsstevne, både i STIHL-cup og John-Deere-cup. Så treng me fleire kurs i lokallaga, og at dykk er med på å få medlemmar med.

- Tevlingsleiar Sunniva Bidne Horvei





## Økonomi 2015

HORDALAND BYGDEUNGDOMSLAG					
Budsjett og resultatregnskap 2015					
BALANSE					
	Note	Budsjett	Resultatregnskap	Eiendeler	
<b>Inntekter</b>				Brukskonto	62 088,29
Medl.kontigent innt.		kr 37 600,00	kr 37 642,00	Kapitalkonto	126 044,45
Økonomisk støtte	2	kr 10 000,00	kr 48 304,00	Kundefordringer	0,00
Arrangementsinnt.	3	kr 0,00	kr 8 644,00		
Tevlingsinnt.		kr 4 000,00	kr 0,00	<b>SUM Eiendeler</b>	<b>188 132,74</b>
Diverse inntekter		kr 0,00	kr 0,00		
Møteinnt. Og represei	4	kr 3 000,00	kr 0,00	<b>Egenkapital og gjeld</b>	
Renteinntekter		kr 1 000,00	kr 669,00	<b>Sum EK</b>	<b>0,00</b>
<b>SUM</b>		<b>kr 55 600,00</b>	<b>kr 95 259,00</b>	<b>Gjeld</b>	
				Leverandørgjeld	10 18 750,00
				<b>Sum gjeld</b>	<b>18 750,00</b>
<b>Kostnader</b>					
Medl.kontigent konstn.		kr 0,00	kr 1 000,00	<b>SUM EK og gjeld</b>	<b>18 750,00</b>
Arrangementskostn.	3	kr 39 000,00	kr 30 767,70		
Info og PR	5	kr 2 000,00	kr 3 125,00		
Tevlingskostn.		kr 4 000,00	kr 3 276,67		
Møter, kurs, sosialt	6	kr 3 000,00	kr 23 180,00		
Diverse kostnader		kr 200,00	kr 362,16		
Honorar og gaver	7	kr 1 000,00	kr 3 475,70		
Kontorrekvisita	8	kr 200,00	kr 592,00		
Reiseutgifter		kr 25 000,00	kr 32 697,00		
Rentekostn./gebyr		kr 0,00	kr 0,00		
<b>SUM</b>		<b>kr 74 400,00</b>	<b>kr 98 476,23</b>		
<b>Resultat</b>		<b>-kr 18 800,00</b>	<b>-kr 3 217,23</b>		

Note 1 Dette året er det ein del ganske store avvik mellom budsjett og rekneskap. Dette kjem av at styremedlemma som utarbeida budsjettet hadde lite kjennskap til kva utgiftspostar

HoBU faktisk har. Det var dessutan lite tidligare tallmateriale å samanlikne med.

Note 2 Økonomisk støtte. Avviket kjem av at mellomrekning 1 og 2 vart gløymd i utarbeiding av budsjettet, samt at me klarte å få inn meir sponsormidlar enn budsjettet.

Note 3 Kostnader og inntekter i høve haustkurs, samt materiell til Vestlandsleiren på Landsstevne. Avvik kjem av at fakturering av lokallaga etter haustkurs vart gløymd.

Note 4 Møtegodtgjersle ved deltaking på Hordaland Bygdekvinneleg og Hordaland Bondelag

sine møter vert betalt direkte til det styremedlemmet som stiller, då dette dekker reisekostnad og eventuelt tapt arbeidsinntekt om ein må ta seg fri frå jobb.

Note 5 Promofilm for Hordaland Bygdeungdomslag vart litt dyrare enn budsjettert.

Note 6 Vårkurs og rep.skap vart gløymd i utarbeiding av budsjett.

Note 7 Honorar til leiar og organisatorisk nestleiar vart auka etter årsmøtet 2014, og kom ikkje med i budsjettet.

Note 8 Avvik kjem av at me måtte kjøpe nye blekkpatronar til printer.

Note 9 Store delar av reiseutgiftene er knytta til styremøter, noko som er vanskelig å berekne då det er avhengig av kor møta vert holdt, og kor mange som stiller.

Note 10 Faktura frå Røldalsterrassen etter Haustkurs.

### Revisjonsberetning for 2015

#### Til årsmøtet i Hordaland bygdeungdomslag

#### Revisjonsberetning for 2015

Vi har revidert regnskapet for året 2015 (01.01.2015 – 31.12.2015).

Regnskapet viser et underskudd på **kr. 3217,23**

Regnskapet består av resultatregnskap og balanse.

Regnskapet gir uttrykk for lagets økonomiske stilling pr. 31.12.2015,

og for resultatet i regnskapsåret.

Kassereren har utført sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med god regnskapsskikk.

Omastrand 10.02.2016

Revisorer:  .....

 .....

### *Helsing frå Hordaland Bondelag*

Året har vore prega av ny regjering og ein landbrukspolitisk retning som Bondelaget meiner ikkje er til det beste for norsk landbruk. Det har vorte mykje politisk arbeid og diskusjon. Etter at forhandlingsutvalet i Norges Bondelag oppnådde ein forhandlingsgevinst på 310 millionar kroner, vart det jordbruksavtale med Staten. For små og mellomstore bruk var det særskilt viktig at det føreslåtte kuttet i overføringane på 110 millionar kroner vart reversert. Etter forhandlingane vart overføringane auka med 45 millionar kroner.

Bondelaget og Hordaland Bygdeungdomslag har mellom anna samarbeida om Malawiprojektet og stand på Bergen Matfestival. Dette er ein felles arena der vi kan formidle brei kunnskap om mat "frå jord til bord". Vi sett stor pris på at Bygdeungdomslaget stiller opp. Organisasjonen er ein viktig arena for rekruttering til landbruket og gir også eit friskt pust til arrangementa dei deltar på.

I haust var leiarmøtet i Hordaland Bondelag på tur til Romania. Det var ein spennande og interessant tur der vi fekk sjå landet frå ei ny side. Vi var på gardsbesøk og lærte om landbruk, historie og folk. Landbruket i Romania består av mange små familiegardar og nokre få, kjempestore bruk. Dei store bruka er som oftast finansiert av utanlandsk kapital. Landet har nesten ingen mellomstore bruk. Under det kommunistiske regimet (fram til 1989) inndrog Staten all landbruksjord, og danna store kooperativ. Etter at regimet fall fekk bøndene jorda tilbake, men utan midlar til å kjøpe kunstgjødsel, maskiner og andre innsatsfaktorar. Når vi veit at særskilt mange unge flyttar frå bygda inn til byane eller til utlandet, skjønner vi at familiejordbruket ikkje er så effektivt.

Hordaland Bondelag held fram med medlemsauke. Det at vi er mange gjer oss sterke når vi skal forhandle om jordbruksoppgjeret og ved politisk påverknad i saker som er viktig for bygda og landbruket.

Brynhild Kolltveit er fast representant i styret til Hordaland Bondelag. Vi takkar for godt samarbeid i året som gjekk.

Helsing styret og tilsette i Hordaland Bondelag



## Helsing frå Hordaland Bygdekvinnelag i 2015

Fylkeslaget har ved slutten av meldingsåret 31 lokallag og omlag 785 medlemmer.

### Bygdekvinneireif

Hordaland Bygdekvinnelag har skipa to Bygdekvinneireif i året. I februar var det Bygdekvinneireif på Hjelmås hjå Hillesvåg Ullvarefabrikk, der det var omvising og høve til handel.

I september var det Bygdekvinneireif i "Frukt- og Siderruta" i Ulvik, med bakgrunn i Norges Bygdekvinnelag sin råvareaksjon Norsk frukt og bær. Me vitja Hardanger Saft- og siderfabrikk og Syse Gard.

### Organisasjonskurs

Norges Bygdekvinnelag oppmuntra fylkeslaga til å halde organisasjonskurs i 2015, og Hordaland Bygdekvinnelag skipa såleis til organisasjonskurs for tillitsvalde i Ulvik i september.

### "Ord og uttrykk"

I 2009 gav Hordaland Bygdekvinnelag ut boka "Ord og uttrykk", med dialektord innsamla av lokallaga. Boka vart populær og raskt utseld. Det er difor ei glede at fylkeslaget i år har trykt nytt opplag av boka.

Takk til Hordaland Bygdeungdomslag samarbeid i 2015!

Hordaland Bygdekvinnelag  
v/leiar Margunn Hauso



Hjartleg takk til alle sponsorar som har hjelpt oss og bidra med arrangement, og som har sponsa med matvarer og produkter til Haustkurset, til tevlingar og premiar til julekalenderen vår.

Takk til Linga Laks, Joker Vossastrand, Nortura, Seimen Vossastrand, Æresmedlem, Hordaland Bondelag, Hordaland Bygdekvinnelag, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen Matfest, Fruktlageret i Øystese, STIHL, Cubus Norheimsund, Hardanger Glassmagasin, Villa Decor Norheimsund, Boots Apotek Norheimsund, Safa Norheimsund, Playcom Voss, Tilbords Amfi Voss, Sport 1 Amfi Voss, Kitch'n Amfi Voss, Endeve Sport Voss, Grill- & Steakhouse Voss, Tvilde Fargerike Voss, Fotograf Senderud/ Elitefoto Voss, Felleskjøpet Voss, Tine Meieriet Hardanger. Takk for godt samarbeid!



ELEKTRONISK SIGNERING GODKJENT

Helena Bru  
Sign. Leder i Hordaland Bygdeungdomslag